



Laila Konglevoll
Lokketodalen 31
5136 MJØLKERÅEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2943 - 18/32122

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
23.10.2018

Førebels svar på søknad om arealoverføring med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 56/10 og 56/47 Hundvin

Tiltak: Arealoverføring
Byggjestad: Gbnr: 56/10 og 56/47
Tiltakshavar: Laila Konglevoll

Kommunen viser til søknad om arealoverføring mellom gbnr 56/10 og 56/47 jurnalført mottatt 29.06.2018. Arealet er oppgitt til omlag 300 m².

Søknaden vert send på høyring til regionale styresmakter i samsvar med plan- og bygningslova § 19-1, med 4 veker høyringsfrist, sjå eige skriv.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi har følgjande merknader:

Planstatus

Tiltaket ligg i området som i kommuneplanen sin arealdel er avsett til byggjeområde. I samsvar med føresegnd 1.1 er det eit generelt krav om utarbeidning av reguleringsplan før tiltak etter plan- og bygningslova kap 20 kan godkjennast. Tiltaket er plassert i strid med regulert byggjegrense mot sjø.


Arealoverføringa krev at det vert søkt om og gitt dispensasjon frå plankravet og den regulerte byggjegrensa mot sjø. Søknaden om dispensasjon må supplerast til også å omfatta søknad om dispensasjon frå plankravet. Søknaden skal grunngjenvært.

Nabovarsel


Kommunen vurderer at eigedomane gbnr 56/48 og 56/83 også må varslast. Det må gå fram av nabovarselet at tiltaket krev dispensasjon.

Utsnitt av situasjonkartet





Utsnitt av kommuneplanen sin arealdel (byggjegrensa mot sjø er stipla)



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **15.12.2018**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Laila Konglevoll

Lokketodalen 31 5136

MJØLKERÅEN

Mottakarar:

Laila Konglevoll

Lokketodalen 31 5136

MJØLKERÅEN